

"Skule for framtida - grep for kvalitet og økonomisk berekraft"

- Høyringsuttale frå Bøfjorden grendalag

I fleire samanhengar høyrer vi at Surnadal kommune brukar meir pengar enn "samanliknbare" kommunar på skule. Det kan derfor verke naturleg og legitimt å først og fremst kutte i skulesektoren når ein står i ein så pressa økonomisk situasjon som ein gjer i Surnadal for tida. Bøfjorden grendalag meiner bestemt at nedlegging av skular likevel ikkje er rette vegen å gå.

Surnadal er adskillig meir vidstrekt i areal enn dei fleste samanliknbare kommunane, men trass dette har vi framleis høgst levande bygder i alle ytterkantane av kommunen vår. Her er det meir aktivitet i form av kultur, idrett, næringsliv og frivillige lag og organisasjonar enn i dei aller fleste andre samanliknbare kommunar. Alt takka vere folket som bor her og innsatsen dei yter for fellesskapet utan å bruke noko særleg av kommunale kroner. Dette folket og denne innsatsen er enkelt og greitt Surnadal kommune sin største ressurs, verd meir enn millionar i eit kommunebudsjett. Og denne ressursen og desse verdiane er det som blir sett på spel med forslaget om å legge ned nærmiljøskulane i bygdene. Det er grunn til å minne om at kommunen sjølv har gjort politisk og forpliktande vedtak om at det skal vere gode levekår for alle i heile kommunen gjennom kommuneplanen sin samfunnsdel.

Opplæringslova §2-6 seier at "Elevane har rett til å gå på ein skole i nærmiljøet". Det seier seg sjølv at små ungar sitt nærmiljø ikkje strekkjer seg veldig langt frå heimen og dei kjente omgivelsane. Øye-området kan ikkje definerast som nærmiljøet til ungane våre i Bøfjorden, og heller ikkje til ungane ved dei andre grendaskulane i Surnadal. Ei nedlegging som forslått her, vil dermed kunne stride mot Opplæringslova.

Bøfjorden grendalag er bekymra for følgjene ei eventuell nedlegging av Bø/Bæ oppvekstsenter vil få for både ungane våre og for bygda. Reisetida frå Bøfjorden til SUBUS vil for dei fleste av ungane bli godt over to timar kvar dag. Utdanningsdirektoratet seier at "Skoleskyss må organiseres slik at eleven får en akseptabel reisetid." (Prop.57 L (2022-2023)). Vi meiner bestemt at over to timar dagleg ikkje kan forståast som "akseptabel reisetid". Det er vitenskapeleg bevist at lange bussreiser (over 1 time dagleg) gir auka fysisk belastning og større risiko for varige skader, men så lang reiseveg vil også auke faren for psykiske plager, utrygghet og mobbing. Mykje kan skje i løpet av to timar på buss utan vaksne ansvarlege til stades, og særleg for dei aller minste er dette ei uforsvarleg ordning.

Ei bygd utan skule betyr ein meir krevande kvardag for dei som bor der. Bøfjordingane lever med verknadene av skulenedlegginga i 2013. Likevel står kulturen for å ta tak og skape aktivitet og livskvalitet på eiga hand forsett sterkt i Bøfjorden - enn så lenge, takka vere innsatsen til dyktige og bevisste innbyggjarar. Men den berømte strikken er allereie tøygd langt med tanke på lang og delvis utrygg skuleveg inn til Bæverfjord, og ei nedlegging av skulen der vil gjere belastninga enda større for familiar i Bøfjorden.

Utsiktene for at nye familiar vil etablere seg her, vil bli dårlegare enn nokon gong. Det er også ei kjensgjerning at dei fleste unge som flyttar ut frå bygdene våre, men etterkvart ønskjer seg heimatt, helst vil bo nært der dei vaks opp, og ikkje nødvendigvis i sentrum av kommunen.

Om Bø/Bæ blir nedlagt vil familiar oppleve at kvardagen blir prega av enda lengre skuledagar og meir tid til henting og bringing på SFO, i tillegg til kjøring av ungar inn til sentrum for fritidsaktivitetar på kveldstid. Summen av dette vil bli ei uforholdsmessig stor byrde for dei aller fleste, og vil utvilsamt gjere det vanskelegare enn det allereie er å velge både å flytte til og å bli boande i bygda vår.

Bøfjorden grendalag er vidare bekymra for at nedlegging av Bøfjorden barnehage (flytting til Bæverfjord) er med som innsparingsforslag i høringsdokumentet. Småbarnsfamiliar i Bøfjorden er heilt avhengig av å ha eit barnehagetilbud i nærmiljøet. Det er slett ikkje alle foreldre som jobbar slik at dei passerer Bæverfjord og kan levere og hente barn på tur til og frå jobb. Det er også viktig for oss å presisere at Bøfjorden barnehage er i særklasse når det gjeld å bruke nærmiljø og natur for oppleving og læring. Her møter ungane unik kompetanse og trygghet nær heimen, og eit betre grunnlag for framtida kan verken ungane eller bygda vår ha.

I likheit med det som er sagt i fleire andre høyringsuttalar, meiner også vi at det er stor grunn til å vere kritisk til fleire sider ved det økonomiske og faglege grunnlaget som er lagt fram som bakgrunn for nedleggingsforslaga i høringsdokumentet. Vi ser dei store utfordringane med kapasiteten ved SUBUS, når det gjeld både ute- og inneareal. Likeeins er trafikkbiletet på Øyeområdet direkte farleg slik det er no, og større elevmengde vil utvilsamt forverre situasjonen. Det vil måtte brukast store summer for å tilpasse skuleanlegget på Øye til det auka elevtalet, og vi kan ikkje sjå at høringsdokumentet gir godt nok talgrunnlag for ei forsvarleg avgjerd. Til det er det for mange uavklarte faktorar i kalkylene som er framlagt. Her veit ein altså for lite om kostnader og konsekvensar, både på kort og lang sikt, til å kunne gjere eit så drastisk vedtak som kommunedirektøren tilrår og som høringsdokumentet legg opp til.

Med helsing

Bøfjorden grendalag